

Utfyllande informasjon om handlingsprogrammet

Kva er eit handlingsprogram for idrett og fysisk aktivitet?

Eit handlingsprogram er eit verkemiddel for å operasjonalisere kommunedelplanen sine målsettingar. Programmet inneheld ei oversikt over kortsiktige (4 år) og prioriterte anleggstiltak med tiltakshavar, status på søknad, kostnad, finansiering og årstal for utbygging. Anlegga setjast opp i to kategoriar, nærmiljøanlegg og ordinære anlegg. Programmet kan i tillegg innehalde ein langsiktig og uprioritert oversikt over tiltak som kan vere aktuelle i eit lengre perspektiv (10 år).

Krav til opptak i kortsiktig/prioritert del av handlingsprogram For at eit prosjekt/anlegg vert teken opp i det prioriterte og kortsiktige handlingsprogrammet, må det som hovudregel stå oppført i langsiktig/uprioritert del frå før.

Når tiltak vert søkt tatt opp i kortsiktig handlingsprogram, skal følgjande vere utreda:

- ansvarleg tiltakshavar og ev. samarbeidspartnarar.
- behovsanalyse
- omtale av tiltaket
- kostnadsanslag totalt, og ev. for kvar fase ved utbygging i fleire fasar
- finansieringsoversikt
- driftskalkyle
- drifts- og vedlikehaldsplan
- framdriftsplan – realisering innan 4 år.

Krav til opptak i langsiktig/uprioritert del av handlingsprogram

Tiltak som ikkje er oppført i handlingsprogrammet i det heile, må som hovudregel innfri følgjande krav for å verte vurdert for inntak:

- behovsanalyse/- omtale
- enkel tekstutgreiing av situasjonen
- omtale av sjølv tiltaket
- laust kostnadsanslag
- laus finansieringsoversikt
- framdriftsplan
- aktuell tiltakshavar og ev. samarbeidspartnarar

Kvifor nyttar ein handlingsprogram?

For at anlegg skal vere rettkomen til å søkje om spelemidlar skal dei vere del av ein vedteken kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet. Nokre unntak gjeld, til dømes for nærmiljøanlegg med kostnadsramme under 600 000 kr.

Mange prosjekt, særleg ordinære anlegg, må fornye godkjent spelemiddelsøknaden fleire år før det blir opna for utbetaling. Det kan først skje etter at tilsegn blir gitt i fylket sitt kultur-, nærings og folkehelseutval i junimøtet. Sjølv om tiltak er ferdigstilte vil dei stå på prioriteringslista medan ein ventar på utbetaling av spelemidlar.

Kommunen sitt spelemiddelfond vil til ein viss grad redusere den praktiske betydninga av prioritering av tiltak i handlingsprogrammet. Prioriteringa i handlingsprogrammet vert nytta som grunnlag når fylkesutvalet gjer sine prioriteringar og vedtak om tilsegn.